

EIKJERÅSEN

Turtype: Fottur

Sesong: Barmark

Lengde: 4,5 km tur/retur

Parkering: Ved kyrkja eller rådhuset, Kyrkjebygda



Turen startar ved Minne kultursenter. Gå gjennom eplehagen, forbi rådhuset og Lislehylen (badeplass i elva). Følg vegen opp mot Sosteli og ta av mot Nordkleiv i fyrste skarpe sving på grusvegen. Her kjem du inn på ein traktorveg. Denne kan du følge mest heile vegen til Eikjeråsen. Alternativt kan du ta til høgre et stykke opp i lia og følge Frauånæ til toppen av Nordkleiva (det er merka til Nordkleiv). Når du kjem til høgspenstraséen, følg denne (mot vest) til du treff på grusvegen. Gå sørover og følg denne vegen heile vegen ned att. Det er mogleg å ta ein avstikkar til Sosteli (markert i kart).

